



Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet
Postboks 8004 Dep, Kirkeavdelingen,
0030 OSLO

Balestrand, 30.10.2012

Vår sakhandsamar: Jostein Risa

Vår ref.: 12/00015-003

Arkivkode: 501

Framlegg til endringar i gravferdsforskrifta - høyringsfråsegn frå Balestrand sokneråd

Det vert vist til utsende høyringsnotat dagsett 28.juni 2012. Balestrand sokneråd har som einaste sokneråd i Balestrand kommune også fellesrådsansvar og har vedteke ei høyringsfråsegn.

Sak 029/12 Høyring vedr framlegg til endringar i gravferdsforskrifta, Vedtak 29.08.2012:

- 1) Balestrand sokneråd har ingen kommentarar til framlegga til endringar i gravferdsforskrifta i notatet.
- 2) Balestrand sokneråd bed om at det i tillegg til dei nemnde endringane vert teke inn ei presisering i gravferdsforskrifta vedrørande tilhøvet mellom ei fri grav og ei festa grav i ein gravstad.
Prinsippet som gjeld og som vi ynskjer å få presisert i gravferdsforskrifta er at ei festa grav i ein gravstad alltid vil verte verande ei festa grav og aldri vil kunne endre status til å verte ei fri grav. Det har generelt vist seg å vere ei pedagogisk utfordring å kommunisere tilhøvet mellom reglane i §6 i gravferdslova om rett til fri grav for alle innbyggjarar i kommunen og §7 som seier at *kyrkjeleg fellesråd* tilviser grav i alle tilfelle utanom den i §15 som seier at ein *festar* kan bestemme kven som skal gravleggast i ei *festa* grav.

Bakgrunn

Bakgrunnen for vedtaket del 2 er at tilhøvet mellom fri og festa grav på ein gravstad er det temaet soknerådet som kyrkjegardsstyretemaet får absolutt flest spørsmål om frå pårørande i samband med innkrevjing av festeavgifter. Det mange pårørande reagerer på er at attlevande ektefelle må betale festeavgift for grav attmed avdød person når det i §6 i gravferdslova står så tydeleg at "**Avdøde personer som ved dødsfallet hadde bopel i kommunen har rett til fri grav på gravplass her.**"

Når vi så har kravd inn festeavgift for grava som er festa attmed den grava som først er teken i bruk (den frie grava) lurer folk på: "Kvífor har eg ikkje ut frå denne paragrafen rett på fri grav attmed min avdøde ektefelle?"

Sjølv om Balestrand sokneråd er fellesråd i ein liten kommune (ca 1350 innbyggjarar) har vi fått fleire skriftlege klagar på nett dette (uavhengig av kvarandre). I nabokommunen Høyanger var det pensjonistlaget som tok opp tilsvarande sak og klaga til fellesrådet og det vart oppslag i lokalavisar mm. I alle desse tilfella har klagene vorte avviste, og bispedømeråd, departement og kyrkjegardskonsulent Klingberg har stadfesta at vår praktisering av innkrevjing av festeavgift er heilt i tråd med regelverket.

framhald neste side

Problemet er at departementet og kyrkjegardskonsulenten sin argumentasjon (samanhaldning av §6 og §7) er vanskeleg å kommunisere. Vi har snakka med tidlegare / fungerande kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg om dette temaet ved fleire høve. Då vi fyrst kom med desse innspela var vi for seint ute til å få med temaet i drøftingane om gravferdslova. I vår fekk vi til svar at eventuelle presiseringar om dette kunne vurderast ved revisjon av forskrifta. No har høringsnotatet kome utan at dette er nemnt.

Ein skulle tru at også departementet hadde fått såpass mange spørsmål om dette temaet at dei såg verdien av å legge inn ei presisering og Balestrand sokneråd bed difor departementet om vurdere dette.

med helsing



Jostein Risa
kyrkjeverje / dagleg leiar